

## Revisjonssak Sundsbarm

### Møte på Morgedal grendehus 19.2.2013.

Det var godt oppmøte med totalt 37 personar. I tillegg til folk frå administrasjonen i Kviteseid kommune, møtte prosjektleiar for Midtre Telemark vassområde, Anita Kirkevold, og Helge Kiland frå Faun Naturforvaltning AS. Vest-Telemark Blad v/ Stein Olav Lie var også til stades.

Helge Kiland, Faun Naturforvaltning AS, orienterte om revisjon av vassdragskonsesjonar; kva som kan takast opp i ein revisjon og kva som ikkje er aktuelt å ta med. Det kan krevjast opning av revisjonssak ut i frå omsynet til allmenne interesser. Det er vanleg at kommunane tek på seg å representere dei allmenne interessene, men lag og foreningar kan også kome med krav om opning av vilkårsrevisjon. Kravet må godkjennast av NVE, som i så fall vil be konsesjonæren om å lage eit revisjonsdokument. NVE vil deretter sende dokumentet på høyring. Kravet om opning av revisjonssak må grunnjævast, og dei innspel og merknader som kjem fram under grendemøta vil vera ein del av dette. Konsesjonæren må i revisjonsdokumentet mellom anna kommentere dei innspela som kjem fram.

Kiland orienterte også om utfallet av dei skjønna som har vore haldne. Dei gjeld i hovudsak private interesser og skal ikkje vera noko tema for ein revisjon av konsesjonsvilkår. I samband med skjønna er det gjort ein del undersøkingar i vassdraget, mellom anna av situasjonen med ureining og attgroing.

Det var fleire innspel til revisjonssaka:

- I Morgedalsvassdraget er det bygd 5 tersklar, etter pålegg frå NVE. Den nedste terskelen, Vassendterskelen, er seinare senka 30 cm, etter pålegg frå NVE. NVE har også kontrollert tersklane og gjeve påbod om utbetringar som er følgd opp av Sundsbarm Kraft (SK). På møtet blei det hevda at enkelte av tersklane ikkje let fisken passere, og at dei er med på å gjera vatnet meir stillestående.
- Minstevassføringa blir målt på Vassendterskelen og er bestemt til 50 l/s om vinteren og 100 l/s i sommarhalvåret. Sidan målepunktet er lagt så langt ned i vassdraget vil vassføringa frå den uregulerte delen av nedbørfeltet i stor grad bidra til minstevassføringa og på den måten føre til at SK ikkje treng å sleppe så mykje vatn frå Lintjønngasinet. Det blei også stilt spørsmål om korleis vassføringskravet blir kontrollert.
- Attgroing er og har vore eit stort problem i Morgedalsvassdraget, og vatn som Hemmestveittjønni, Bakketjønn og Skarstjønn har grodd kraftig att. NVE kan pålegge SK å utbetre tersklar og reinske opp i åløpet. For ca 10 år sidan blei det som eit områdetiltak grave og mudra i ein del av vassdraget, men det grodde snart til igjen. Det var da også blitt større semje blant Morgedølane om korleis dei ønskjer vassdraget. Ved mudring er det viktig å vera klar over at Vest-Telemark Kraftlag har lagt fiberkablur i vassdraget.
- SK blei i vassdragsskjønnet pålagt å yte tilskot til Morgedal reinseanlegg. Etter reguleringa er den næringsfattige delen av nedbørfeltet overført til Sundsbarm, medan restvassføringa kjem frå sørsida som er meir kalkrik. Vasskvaliteten vil bli overvaka i samband med det arbeidet som skjer i Midtre Telemark vassområde, der vassførekomstar med risiko for ikkje å nå minst god økologisk og kjemisk tilstand skal overvakast spesielt. Det skal lagast ein tiltaksanalyse som grunnlag for ein 6-årig forvaltningsplan som skal gjelde frå og med 2016.
- Fylkesmannen kan etter gjeldande konsesjonsreglement pålegge SK å få laga ein restaureringsplan for vassdraget, der mudring, tersklar og vassføring vil vera viktige element. Det må også takast omsyn til kantvegetasjon langs vassdraget.
- Det har kome ørekyte via Ljosdalsvatnet og overføringstunnelen til Lintjønn/Nystaulvatnet. Ørekyta har også spreidd seg til Morgedalstjønni. Algevekst finst i alle vassdrag. I Lintjønn og ein god del andre vatn er algevekst eit aukande problem. Kva som er årsak til dette problemet, er samansett og ikkje heilt enkelt å gje svar på.

- Morgedal, Kviteseid og regionen er avhengige av **reiselivet**. Det er ei viktig næring i regionen. Ved ein revisjon må ein peike på dette og sjå det i samanheng med dei andre krava.
- I Dalaåi må åløpet ryddast då det har grodd mykje lauvmasse på ein del øyar ute i elva og langs elva. Isferd/isgang i elva har til tider vore eit stort problem. Vatn og ismassar tek nye løp og blir til hinder på eigedomar langs åa.
- Dalaåi med Sundkilen har nok også hatt oppgang av storaure, men i regulerings skjønnet synes det å ha vore lagt mest vekt på sik. Det vil bli arbeidd for å skaffe meir dokumentasjon om storauren. Auka minstevassføring kombinert med fysiske tiltak i elveløpet vil vera viktig for storauren.

Det er sett ned ei styringsgruppe med representasjon frå kvar kommune og prosjektleiaren i Midtre Telemark vassområde. Styringsgruppa med Helge Kiland vil lage ei innstilling til kommunane om å krevje opning av revisjonssak. Innstillinga vil bli behandla i kommunane, som må avgjera om dei vil sette fram krav til NVE om opning av revisjonssak. Dersom NVE avgjer å opne revisjon, ber NVE konsesjonæren om å svare på spørsmåla i kravdokumentet frå kommunane. Saka vert deretter sendt på høyring slik at det kjem fleire rundar der ein får uttale seg.